

UNDERVISNINGSMATERIELL

ORD FOR BLOD

av Faysa Idle | Dramatisert av Seluah Alsaati

FOTO: MAJA MOAN

UNG I DAG – PÅ TVERS AV GRENSER

Historiene i *Ord for blod* er henta frå verkelege hendingar i Sverige. Dei handlar om ungdom som veks opp i omgjevnader prega av vald, frykt og lojalitet – der vala dei tek får store konsekvensar. Sjølv om historiene kan verke fjerne frå livene mange av oss lever, handlar dei i botn og grunn om noko universelt: behovet for å høyre til.

Å vere ungdom betyr å stå midt i overgangen mellom barn og vaksen. Det handlar om å finne ut kven ein er, kven ein vil vere, og kven ein vil høyre til med. For nokre blir fellesskapet ein trygg hamn; for andre kan det føre inn i situasjonar som skaper frykt og utanforskap.

Når vi snakkar om gjengkriminalitet i Sverige, handlar det eigentleg òg om savnet etter tryggleik, respekt og tilhørse. Dette er tema som rører ved alle ungdommar – uansett kvar dei bur. For dei fleste handlar det ikkje om våpen og vald, men om press, forventningar, lojalitet og vennskap.

Oppgåvene som følgjer, byggjer vidare på desse temaa. Dei inviterer til refleksjon, diskusjon og ærlege samtalar om korleis det er å vere ung i dag – om fellesskap, grenser og ansvar.

Her er det ikkje meininga å finne riktige svar, men å utforske ulike perspektiv og erfaringar. Målet er å forstå meir – både av seg sjølv og av andre. Slik blir arbeidet ikkje berre ei øving i refleksjon, men eit felles prosjekt i å forstå kvarandre betre.

FØREBUINGAR FØR TEATERBESØKET

For å få mest mogleg ut av teateropplevinga, kan det vere lurt å gjere nokre korte førebuingar i forkant:

- Les gjennom omtaleteksten av Ord for blod saman med klassen og diskuter kva tema forestillinga tek opp.
- Vis traileren for forestillinga. Dette gir eit visuelt inntrykk av stemning, karakterar og handling, og kan vekke nysgjerrigheit hos elevane.

LES MEIR PÅ NETTSIDA VÅR **HER**

SJÅ TRAILAR **HER**



Gjengen bak Ord for blod

ETTER FORESTILLINGA – OPPGÅVER OG REFLEKSJONAR

Oppgåve 1 | Følg opp! (30 min)

Grupper på 3–4 personar

15 minutt til diskusjon og 10–15 minutt til oppsummering


I forestillinga møter vi Faysa, som opplever både tap og krevjande situasjonar. Ho mister fleire av sine næraste i valdelege hendingar og trekkjer seg nokre gongar tilbake. Dette viser kor avgjerande støtte og oppfølging frå andre kan vere i vanskelege periodar.

Å høyre til eit fellesskap og å bli sett er viktig for god psykisk helse. Å følgje opp betyr å vise interesse, vere merksam på andre og inkludere dei i livet vårt og fellesskapet. Det kan handle om små handlingar i kvardagen, som å ringe nokon, invitere nokon heim, eller seie ifrå når nokon blir behandla urettferdig. Det kan òg handle om å sette egne grenser.

Spørsmål til diskusjon:

1. Korleis følgjer ein opp kvarandre og skapar fellesskap?
2. Er det forskjell på korleis vi følgjer opp kvarandre – til dømes mellom kjønn, kulturar eller ulike grupper?
3. Korleis vil du sjølv bli følgd opp og inkludert?
4. Når føler du deg sett og inkludert?
5. Korleis følgjer du opp deg sjølv?
6. Del ei oppleving du er takksam for der nokon andre følgde deg opp.

Kilde: Verdensdagen for psykisk helse



Oppgåve 2 | Dilemma om hemmelegheiter (20 min)

I forestillinga lever karakterane i omgjevnader der lojalitet og hemmelegheld kan vere avgjerande for tryggleik og relasjonar. Faysa og dei rundt henne må heile tida vurdere kven dei kan stole på, og kva dei kan seie eller gjere utan å setje seg sjølv eller andre i fare.

Slik gjer de oppgåva:

1. Del klassen inn i grupper på 3–4 personar.
2. Vis eitt og eitt snakkekort om hemmelegheiter på storskjerm, og la gruppene diskutere. Vel gjerne ut 3–5 dilemma som verkar mest relevante. Alternativt kan korta skrivast ut og delast til gruppene.
3. Sett av nokre minutt til å reflektere i plenum. Du treng ikkje be alle grupper svare på alt, men nokre kan dele tankane sine.

SJÅ SNAKKEKORTA **HER**

Tips for ein ærleg og open samtale:

La elevane vere i grupper dei føler seg trygge på. Det finst ikkje eitt riktig svar. Om nokon svarer veldig enkelt, utfordre dei gjerne: *“Er det så enkelt?”* eller *“Er det nokon som tenkjer annleis?”*

Kilde: Blå Kors

Oppgåve 3 | Kven kan du stole på? (10 min)

Be elevane lage ei liste over personar dei føler dei kan stole på – og kvifor.

Diskuter kort i grupper:

- Kva gjer at du kan stole på nokon?
- Korleis viser ein tillit og lojalitet i vennskap?

Oppgåve 4 | Nei-øvinga (20 min)

Kva gjer du når det er vanskeleg å seie nei, sjølv om du veit at eit ja kan få konsekvensar?

I forestillinga ser vi at Faysa har vanskar med å seie nei til broren sin, sjølv når eit ja kan setje henne i fare. Dette viser kor krevjande det kan vere å setje grenser, særleg overfor personar ein er glad i eller kjenner lojalitet til.

Slik gjer du øvinga:

1. Del klassen i par. Éin person seier nei, den andre forsøker å overtale. Den som overtalar skal ikkje gi seg med ein gong, men halde på ei lita stund.
2. Start med enkle tema, og gjere det gradvis meir utfordrande.

Ting ein kan bli overtalt til:
(tilpass alder og gruppa)

- Låne mobiltelefonen din
- Sove over hos deg
- Skrive noko stygt om nokon i klassen på Snap
- Ta ein slurk med øl
- Stele sprit frå foreldra dine
- Røyke ein joint med hasj

Bytt roller. Gå saman i grupper på fire: éin seier nei, dei tre andre prøver å overtale.

Refleksjon etter øvinga:

- Korleis følte det å seie nei?
- Korleis følte det å vere den som overtalte?
- Kva var mest utfordrande?
- Kva overraska deg?
- Kva metodar fungerte best for å seie nei?
- Korleis hadde det vore å bli overtalt av nokon du ser opp til eller er forelska i?
- Kva var skilnaden på å bli overtalt av éin person versus heile gruppa?

Kilde: Blå Kors

Oppgave 5 | Det eg skulle ynskje du visste (10 min)

Be elevane skrive anonymt på ei lapp:
"Noko eg skulle ynskje fleire visste om det å vere ungdom i dag, er ..."

Samle inn lappene og les opp nokre utan namn.
Dette kan brukast som inngang til nye samtalar eller som inspirasjon til vidare arbeid.

